



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for januar 2018.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang 53



ROTARY:  
MAKING A  
DIFFERENCE

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Sverre Jarl Ulstein  
Visepres: Vegard Gjerde  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Eileen Hareide Brandal  
Styremedlem: Bjørn Teigene  
Styremedlem: Knut Strømsjordet  
Ansv.red.: Vigdis Riise  
Referent: Karin Svendsen Holstad

---

---

## *En vinterdag til fjells*

Fra skyfri himmel slår du gnistrende ned  
og dekker de hviteste vidder av sne  
mot toppen av fjellet du trekker meg opp  
En lengsel og spenning styrer min kropp  
på toppen jeg hiver meg utfor på brett  
og føler at dette var aldeles rett.  
Jeg rir disse vidder et urørt terreng  
et eventyrland med et sjeldent refreng.

*Marit Irene Jensen*

---

## **Referat frå Rotarymøte 8. januar 2018.**

I dag var første møte i 2018, og det var programfritt. Det var godt oppmøte, 21 medlemmar i dag. President Sverre Jarl Ulstein ynskte velkomen, og minte om at Hans Gisle Holstad og Eileen Hareide Brandal har bursdag i januar. Otto Holstad takka for oppmerksomheita i høve Alfhild sin bortgang. Karin Holstad takka for oppmerksomheita i høve bortgang av sin mor.

Deretter var det kaffi og godt prat rundt borda.

## **Referat frå Rotarymøte 15. januar 2018.**

Bedriftsbesøk på Melshorn Hotell

Eigar og drivar Linda Haddal Røssevoll informerte om drifta. Ho starta med å fortelle om seg sjølv, født og oppvokst på Hareid, gift og har 2 born. Ho er ei engasjert dame, har vore på språkreise, politisk aktiv i 10år, medlem i Høgre. Utdanna frisør, men pga allergi måtte ho omskulere seg. Ho fekk spørsmål om å verte dagleg leiar i Tømmerstøl Vaskeri as, og takka ja til det. I 2008 vart ho markedsjef for 3 hotell, og i 2014 tok ho over Melshorn Hotell.

I 2015 vart det dårlege tider i hotellbransjen, og etter ein søknad til UDI, fekk ho innvilga at det vart akuttmottak desember 2015. 110 asylsøkjjarar vart innlosjert her, med forskjellige nasjonalitetar. Dette stod på i 4mnd., med alle dei utfordringane dette var. Dette var eit økonomisk løft for bedrifta. I august 2016 opna hotellet igjen med 'Bed and Breakfast'. Kleven kom inn som leigetakar og lånte alle roma i 6mnd. Våren 2017 vart det igjen teke ei oppgradering på roma/bada, og dette er blitt godt motteke, både av kundar og av bygdefolket.

Folk er positive og ser lysare på framtidsutsiktene. Fokus no er service, kunnskap, reinhald og servering. Hotellet vil også tilby aktiviterar, som:

Kurs- og konferansemarknaden, Forretningstrafikk og overnatting, personalsamlingar og julebord, norske bussgrupper, bryllup, konfirmasjon dåp og gravferder. Kombinasjonar av overnatting/god mat/ulike aktivitetar i nærområdet som fjellturar og tur til Ishavsmuseet/ Polarstar er det høve til å få til. Og korleis gå fram, det er bedriftsbesøk, annonsering, plakater i butikk, invitasjonar lagt ut i kantine/resepsjon hjå bedrifter osv. Hoteller får gode tilbakemeldingar frå kundane. Koselig atmisfære, og fleksible løysingar på møterom og sofagrupper. Dei kan tilby 30rom, 60sengar, tv, kaffe, te og vannkokar. Sans er ein bar og danselokale i undertasjen, som er utleig.

Linda er sosial og utadvent, og liar dette yrket svært godt. Vi takkar henne for god service, kaffi og nydelege sveler!



## Referat frå Rotarymøte 22. januar 2018.

### Bedriftsbesøk på Hareid Rør og Interiør

Otto Holstad, tidlegare eigar, fortalde om sin arbeidsdag. Han starta som sjømann 14år gamal, sildefiske ved Island med snurpenot og garn, seinare storsildfiske der han fekk vere i lag med den gamle fiskargarde frå Hareid, Enok Bigset, Ole Hovlid, Rasmus Holstad, Iner Johan Grimstad, Østrem m.fleire. So vart det feittsilda på trøndelagskysten, og til slutt, selfangsttur i Gulfen ved Newfoundland med 'grand old lady' Polarstar.

Innimellom gjekk han realskule i Ulsteinvik, og Handelsskule ved Ulvesad i Ålesund, og innimellom arbeidde han på verkstedet heime, var også i militære på slutten av 90talet. På 60-talet såg han at der var behov for rørleggar på Hareid, og søkte om løyve til å starte rørleggarforetning i bygda, skriftleg løyve kom 20.01.56.

Otto overtok bilverkstedet Jon Holstad as i 1962. På denne tida fekk han også tak i ein rørleggar som hadde papira i orden, og start Hareid Rørleggarforetning as. Det vart mange arbeidsoppgåver. I 1967 skulle Hareid Kommune bygge nytt rådhus, og dei fekk anbudet. Det viste seg fort, at dette var ei oppgåve som rørleggaren vår ikkje meistra. Her var gode råd dyre, og fekk tak i ein rørleggar på Hatlø Mek., vidare ein maskinist. Otto leigde så Petter Eiksund som verksmeister på bilverkstedet, slik at han gjekk ilag med dei to karane frå Hatlø Mek, og fekk slutføre rådhuset. Etter dette var det m.a. Liavåg fiskeindustri, Ulstein Gymnas, Hareid sjukeheim, Hareid Hotell, Spenncon, SSR, Admisbygget på Ulstein Mek.Verksted, Utgård Mestermøbler, og mange fleire. Otto tok svennebrev i 1984, og mesterbrev i 1987. Dei starta først forretning ved 'gamle' Statoil, flytta vidare til leigd hus til Guttorm Hareid, og seinare gamle samvirkelaget, før dei bygde hus der dei er no. Dei kom inn i butikkjeda Fargerike, og i 2003 tok Jonny (utdanna rørleggar) over ilag med kona Anne Karin. Dei har utvikla butikken, som no har eit breidt utval i maling, badeinnredningar, gardiner og mykje anna. Jonny informerte om kor teknisk og komplisert det er å drive i dag.

Det er i dag 11 tilsette ved bedrifta, 4 i butikken, og 7 rørleggarar. Det var godt oppmøte og vi fekk servert kaffi og marsipankake, og 3 service-innstilte damer viste oss rundt i butikken. Vi takker for oss.



### **Referat frå Rotarymøte 29. januar 2018.**

Siste mandag i januar, og programfritt møte. Godt oppmøte. Sverre Jarl ynskte velkomen, og vi fekk gode vafler til kaffien, og mykje godt prat rundt borda.